



PROTOKOLL

Årsmøte for Leikanger Båtlag

Stad: Leikanger Fjordhotell, mandag 19. mars 2026 kl. 19.30

1. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjend

2. Godkjenning av sakliste

Sak 6 rekneskap og sak 8 budsjett teke samla. Elles er saklista godkjend.

3. Val av møteleiar og referent

Bjarne Sjøthun vart vald som møteleiar.

Svein Helge Steinsåker vart vald som referent.

4. Val av to til å skrive under møteprotokoll

Kurt Lerum og Kjell Næss vart valde.

5. Årsmelding 2025

Årsmeldinga vart gjennomgått av Bjarne Sjøthun.

Årsmeldinga vart godkjend.

6. Rekneskap 2026

Kasserar Geir Morten Skorpen orienterte om rekneskapen.

Rekneskapen vart godkjend.

7. Medlemskontingent fastsetjing for året 2026

Det vart vedteke vidareføring av dagens medlemskontingent. Kr. 2.500 for heil plass.

8. Budsjett 2026

Kasserar Geir Morten Skorpen gjekk gjennom budsjettet.

Budsjettet vart godkjend.

9. Framlegg frå styret / innkømne saker

- Heilårs service- og vedlikehaldsplan med rullering av ansvar
- Kamerautstyr
- Montering av straummålarar
- Val av tillitsperson – mellommann
- Opplagsområdet: Rydding og skråstilling

Motteke innspel 1) Heilårs service- og vedlikehaldsplan med rullering av ansvar.

«Forslaget mitt er å ha en plan som rullerer hele året. Vasking av klubbhus og tilhørende hus, rydding av bossspann og skraping av skjell, etterse båtannlegg og gi beskjed til havnesjef om noe ikke er i orden. Dette kan gjøres på dugnad! der 3 mann

har ei uke hver i året og skal gå året rundt.dette må innbefalle alle medlemmer. slik det er nå fungerer ikke!»

Styret si vurdering av innspel 1:

Styret meiner det er tenleg å vidareføre dagens ordning med organisert dugnad, slik at vi tek unna prioriterte oppgåver i tillegg til meir førefallande arbeid som må utførast. Medlemar som har innspel til oppgåver som må utførast kan skrive ned dette på arbeidslista som ligg i klubbhuset, slik at dette vert registrert og handtert fortløpande. Styret tilrår ikkje rulling av ansvaret, og vil heller oppmode om at medlemmar stiller opp på dugnadane som vert organisert.

Styret tilrår at innspel 1 ikkje vert teke til følgje.

Vedtak:

Innpelet vert ikkje teke til følgje. Medlemar vert oppmoda om å ta med boss frå båtar og slipparbeid heim og elles bistå å halde orden når ein er innom hamna.

Motteke innspel 2) Kamerautstyr

«Styret må få orden på kamera utstyret. Dere må enten få ein uavhengig part til å ha oppsyn med dette eller at havnesjef og styreleier har oppsyn med dette. Dette bør ordes av styret så fort som mulig.»

Styret si vurdering av innspel 2:

Kamerautstyr vart montert i hamna som preventivt tiltak pga. hærverk og tjuveri, og ved behov kunne sjekke ulike aktivitet i anlegget. Styret vart i 2025 kontakta av ulike medlemmar som meldte om misnøye med at det er montert kamerautstyr i hamna, og meiner dette går ut over privatliv og personvern. Dette har skapt mykje støy, og kamerautstyret vart i 2025 deaktivert.

Styret ønskjer årsmøtet si vurdering av innspel 2, dvs. om kamerautstyret bør reaktiverast.

Vedtak:

Samrøystes vedtak om aktivere kameraovervaking. Opptak skal kun vere tilgjengeleg via utstyr på kontoret, og vert automatisk sletta etter 7 dagar. Styret peikar ut to namngitte personar som saman skal kunne sjå gjennom opptak, og kun når ein oppdagar noko unormalt i hamna, eller om nokon melder frå om noko unormalt.

Kontakt leiar hamnenemd for å melde behov for sjekk av opptak:

Hamnesjef: Anders Borlaug andersborlaug@gmail.com tlf 958 98 751

Motteke innspel 3) Montere straummålarar på alle uttak

«Strømmålere må monteres på alle utak slik at vi ikke får problemer med hvem som bruker hva i havnen.»

Styret si vurdering av innspel 3:

Straummålarar på bryggeanlegg vert avlest årleg, og dessutan ved kjøp og sal av båtplass. Innmeldt problemstilling er særleg knytt til straumuttak på oppstillingsplassen. Styret erfarer at enkelte har eigne straummålarar om bord, men ikkje alle har oversikt over eige straumforbruk, og det krev ein del etterarbeid å avklare forbruk og fordele kostnader. Montering av staummålarar på alle uttak er estimert til kr. 5.000 + arbeid (dugnad).

Styret ønskjer årsmøtet si vurdering av innspel 3; dvs. om straummålarar bør monterast på alle uttak.

Vedtak:

Dei som brukar straum på opplagsplass må ha privat straummålar om bord i båt. Dei som ikkje har straummålar om bord får ikkje lov å bruke straum, slik at ein slepp å undersøkje forbruk pr. båt. Styret v/ Woll kan tilrå kva type straummålar som er eigna.

Motteke innspel 4) Val av særskilt tillitsmann - mellommann mellom styret og medlemmar

«Det bør velges en tillitsmann på årsmøtet som kan fungere som en mellommann imellom styret og medlemmer, så vis noen har noen klager så kan det tas opp anonymt med tillitsmann og han kan ta det opp med styret. Og vis det er noen som klager over noe eller noen så skal en kun gå til tillitsmannen med det.»

Styret si vurdering:

Styret meiner det ikkje er tenleg å velje eigen tillitsmann som mellommann mellom styret og medlemmar. Medlemar vert oppmoda om å kontakte hamnenemnd om saker som gjeld hamneanlegget, eller styremedlemar om saker som gjeld andre tema. Styret meiner vi skal ha stor takhøgde for å kome med innspel, men at det ikkje er tenleg å opprette nye roller og konstellasjonar for å systematisere anonymiserte innspel. Vi må snakke med kvarandre, og ikkje om kvarandre. Dersom enkelte medlemmar opplever at dei ikkje kan melde frå om smått og stort til styremedlemar, eller at ting som vert meldt inn ikkje vert vurdert og fulgt opp, kan ein sjølv sagt også melde inn dette i samband med valnemnda sitt arbeid.

Styret tilrår at innspel 4 ikkje vert teke til følgje.

Vedtak:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.

Motteke innspel 5) Rydding på opplagsområdet og skråstilling av båtar

«Det bør ryddes av båter borte på parkeringsområdet. båter som har ligget i årevis bør fjernes og båter som står parkert må skråstilles.»

Styret si vurdering:

Dette var diskutert på årsmøtet 2025, og årsmøtet gjorde vedtak om følgjande supplerande paragraf i laget sine vedtekter:

9. BRUK AV OPPLAGSOMRÅDET VED VESTRE HAMN**§25**

Hamnenemnda har ansvaret for den daglege drifta av båthamna, og ved båtopplag og lagring av større båthengarar kan hamnenemnda bistå med tilvising av plassering i opplagsområdet for å sikre tilkomst og arealutnytting.

Opplagsplass er i hovudsak avsett til vinteropplag. Båtar som ikkje er sjødyktige og der det ikkje er planlagt ombygging, reparasjon eller anna vedlikehald skal ikkje plasserast på opplagsplass.

Dersom det er planlagt ombygging / reparasjon av båt skal plan for utføring av arbeid leggjast fram for styret innan 6 månader. Båteigar får deretter 2 år på å ferdigstille

båten. Dersom ikkje anna er avtalt med styret skal båten etter 2 år fjernast frå hamna. Om dette ikkje vert gjort vert båten fjerna på eigars rekning.

Styret tilrår at innspel 5 ikkje vert tatt til følgje.

Vedtak:

Innspelet vert ikkje teke til følgje. Jf. at det på årsmøtet 2025 vart gjort vedtak om tilgrensa om dette.

10. Eventuelt skipe eller legge ned faste nemnder.

11. Val av styre

Samrøystes vedtak om at styre og nemnder får følgjande samansetting, i samsvar med valnemnda sitt framlegg:

Styremedlem	Bjarne A. Sjøthun	Ikkje på val	(På val 2027)
Styremedlem	Arne Egil Husabø	Tek attval	(På val 2028)
Styremedlem	Jan Atle Woll	Ikkje på val	(På val 2027)
Styremedlem	Svein Helge Steinsåker	Ikkje på val	(På val 2027)
Styremedlem	Geir Morten Skorpen	Tek attval	(På val 2028)
Varamedlem	Robert Padlesak	Tek attval	(På val 2028)
Varamedlem	Elin Falkgjerdet	Ikkje på val	(På val 2027)
Revisorar	Torbjørn Hasund	Ikkje på val	(På val 2027)
	Tor Einar Skinlo	Ny	(På val 2028)
Hamnekomité	Anders Borlaug (leiar)	Ikkje på val	(På val 2027)
	Ronny Ertslund (nestleiar)	Ikkje på val	(På val 2027)
	Johnny Jakobsen	Tek attval	(På val 2028)
Valnemnd	Ole Simen Nesdal	Ikkje på val	(På val 2027)
	Kjell-Arne Valvik	Tek attval	(På val 2028)
	Knut Henning Walaker	Ny	(På val 2028)

Svein Helge Steinsåker/referent

Bjarne Sjøthun/leiar

Attestasjon innhenta pr. e-post av Kurt Lerum og Kjell Næss.